



SOGN OG FJORDANE JORDSKIFTERETT

NOREGS DOMSTOLAR

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Saksbehandlar: Sæmund Stokstad
Direkte telefon: 57 99 13 50
Dato: 21.01.2025
Saksnummer:
Arkivkode: 008
Dykkar ref.: 24/2023-

Høyring av Forslag til lov om endringer i jordskiftelova – inndeling i jordskiftesokn og rettssteder

Sogn og Fjordane jordskifterett viser til Landbruks- og matdepartementet sitt høyringsbrev datert 10. desember 2024 gjeldande lovfesting av jordskifterettane og deira faste rettsstadar. Høyringsfristen er 21. januar 2025.

Sogn og Fjordane jordskifterett støttar framlegget til lovfesting av jordskifterettane sine faste rettsstadar. Tilgangen til domstolen er ein viktig del av rettstryggleiken til innbyggjarane i Noreg. Slik me ser det er det derfor både viktig og naturleg at ansvaret for domstolstrukturen ligg til Stortinget.

Framlegget legg opp til at lovfestinga av jordskifterettane vert gjort i jordskiftelova. Slik me ser det ville det vore meir oversiktleg og naturleg at lovfestinga vart gjort i domstollova, til liks med det som vert lagt opp til for tingrettane i høyringsnotat datert 21.10.2024 fra Justis- og beredskapsdepartementet om lovfesting av tingrettene og deres faste rettssteder m.m.

Me meiner det er lite hensiktsmessig at dette skal plasserast i to ulike lover.

Til sist vil me peika på at det er ein ulik ordlyd i framlegga for lovfesting av rettstadar for tingrettane og jordskifterettane. Av høyringsframlegget til ny domstollov § 24 er det nytta ordlyden «faste rettsstadar» i dei einskilte rettskretsane, medan det i framlegget til ny jordskiftelova § 2-1 er nytta berre «rettstad». Me legg til grunn at det ikkje er meint at det skal vera forskjell på desse, men meiner det likevel bør nyttast same ordlyd. Dette uavhengig av kvar ein lovfestar dette.

Med helsing

Sogn og Fjordane jordskifterett

Annlaug Kjelstad
jordskifterettsleiar

Sæmund Stokstad
jordskiftedommar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.